

# Faktaark om komfyrvakter

## Bodskap og fakta om komfyrvakt

For dykk som skal informere publikum.

ALT VI KAN  
MOT BRANN

## Komfyrvakt reddar liv!

- Komfyrbrannar er den hyppigaste brannårsaka i norske heimar.
- Komfyrvakt vil hindre mange komfyrbrannar.
- Komfyrvakter får du kjøpt i elektronikkbutikkar, ei rekke kjøkenbutikkar og nettbutikkar. Komfyrvakt for fast montering kan kjøpast gjennom elektroinstallatør.
- Det er krav til fastmontert komfyrvakt i alle nye bustader frå 2010 etter NEK 400. Denne skal monterast av elektroinstallatør.
- Ved oppussing gjeld kravet om fastmontert komfyrvakt dersom det blir lagt opp ny kurs til platetopp/komfyr. Dei same reglane gjeld fritidsbustader.
- Skaff deg og familien din ei komfyrvakt!

# Spørsmål og svar om komfyrvakt

## Kva er ei komfyrvakt?

Ei komfyrvakt består av to delar: ein del som overvakar platetoppen for overoppvarming, og ein del som ligg skjult bak komfyren eller er plassert i sikringsskapet. Om overvaksingsdelen oppdagar brannfare på platetoppen, gjev komfyrvakta eit varsel. Om ingen reagerer på alarmen, blir straumen til komfyren slått av.

## Fungerer det?

Når du monterer ei godkjent komfyrvakt og ho brukast på riktig måte, reduserer du risikoen for brann monaleg.

## Kvar får vi kjøpt komfyrvakt?

Komfyrvakter får du kjøpt i dei fleste elektronikkbutikkane, i ei rekke kjøkenbutikker og nettbutikker, til dømes i komfyrvakt-leverandørane og forsikringsselskapa sine nettbutikker.

Komfyrvakt for fast montering, som er krav ved nyinstallasjonar og oppussing av kjøkken dersom det vert lagt opp ny kurs til platetopp/komfyr, skal monterast av elektroinstallatør og kan også kjøpast gjennom installatøren.

## Kva kostar ei komfyrvakt?

Komfyrvaktar finst i fleire prisklassar, frå cirka 3500 kroner og oppover.

## Kva slags type komfyrvakt skal vi kjøpe?

Det finst mange typar komfyrvakter på marknaden, og kvaliteten på eldre utgåver har variert mykje. Den nye europeiske standarden, EN 50615, skal sikre at komfyrvakter reagerer på brannfarlege situasjonar, samtidig som dei ikkje gjev falske alarmer og unødige straumutkoplingar. Skal du kjøpe ei ny komfyrvakt er det viktig at ho oppfyller standarden, og aller helst er FG-godkjent. På sikkerhverdag. no kan du finne ei lenkje til ei liste over FG-godkjente komfyrvakter.

## Kan komfyrvakta monterast av bustadeigar?

Komfyrvakt med plugg og kontakt (såkalla rehab-variant) kan monterast av kven som helst, men det vert anbefalt å nytta ein fagmann. Komfyrvakt for fast montering skal monterast av elektroinstallatør.

## Får ein rabatt på forsikringa?

Nokre forsikringsselskap gjev rabatt i forsikringspremien når du installerer ei godkjent komfyrvakt. Høyr med forsikringsselskapet ditt kva slags ordning dei har.

## Finst det komfyrar med innebygd vakt?

Nokre komfyrprodusentar gjev opp at det finst innebygd komfyrvakt i komfyren.

## Eg har induksjonstopp, der varmen automatisk blir skrudd av når kjelen takast vekk. Treng eg likevel komfyrvakt?

Induksjonstoppar er tryggare enn tradisjonelle komfyrar. Men fordi brannar ofte oppstår i ein kjele som blir ståande for lenge på plata, kan det oppstå brannar sjølv med ein induksjonstopp. Krav om komfyrvakt gjeld uavhengig av type platetopp.

## Eg har steikeomnen ein annan stad enn platetoppen.

### Kva gjeld for meg?

Komfyrvakta overvakar varmeutviklinga på platetoppen, og må monterast over denne. Steikeomnsbrannar gjev vanlegvis ikkje like alvorlege brannar som platetopp, sjølv om mat som blir gløymt i steikeomnen kan lage giftig gass.

## Kven er utsette for komfyrrann?

Dei fleste komfyrrannar skjer på dagtid og råkar ofte eldre menneske, men flest omkjem i brannar om natta. Då er det ofte unge menneske i alkoholpåverka tilstand som råkast. Rusa personar har svekka dømmekraft og merksemd, og kan fort sovne frå komfyren. Så godt som alle komfyrrannar kjem av tørrkoking og ikkje tekniske feil ved produktet.

## Kven har rett til å låne komfyrvakt frå Hjelpemiddelsentralen?

Det er ergoterapitenesta i kommunen som vurderer den einskilde brukar sitt behov for komfyrvakt, og eventuelt søker Hjelpemiddelsentralen. Det er i utgangspunktet kognitiv svikt (som til dømes gløymske) som gjev rett til utlån av komfyrvakt, men det kan også vere ulike kombinasjonar av funksjonsnedsetjingar. Om du trur du eller nokon du kjenner kan få låne ei komfyrvakt gjennom Hjelpemiddelsentralen, kontakt ergoterapitenesta i kommunen din. Hugs å be om ei komfyrvakt som oppfyller standarden.

## Eg har gasskomfyr, er det framleis krav om komfyrvakt?

Gasskomfyrar i dag har krav om flammevakt, som gjer at gassen stengjer om flammen sløkkjer. Det er ikkje krav til komfyrvakt på same måte som på elektriske komfyrar.

## Eg har høyrte eller opplevd at komfyren slår seg av, sjølv om det ikkje er nokon fare. Finst det meir pålitelege komfyrvakter?

Tidlegare har det ikkje vore nokre tekniske krav til komfyrvakter. Difor har dei vore av varierende kvalitet. Standarden EN 50615 sikrar at komfyrvakta ikkje gjev feilalarm, samtidig som ho reagerer når det oppstår brannfare på platetoppen.

## Kva tilrår styresmaktene?

Styresmaktene tilrår at alle kjøper seg komfyrvakter som oppfyller den nye standarden.

## Kva seier regelverket?

Alle bustadeigarar pliktar å følge forskrift om elektriske lågspenningsanlegg. Denne viser til installasjonsstandarden NEK 400, og frå 2010 har det vore krav i denne til å installere fastmontert komfyrvakt i alle nye elektriske installasjonar. Ved oppussing gjeld kravet om komfyrvakt om det trekkast ein ny elektrisk kurs til kjøkenet. Dei same reglane gjeld for fritidsbustader. Frå 2014 er det krav om at komfyrvakter skal oppfylle komfyrvakt-standardEN 50615.

## Kvifor FG-godkjenning?

Fordi EN 50615 opnar for ulike nivå, gradar og klassifikasjonar som komfyrvakta kan testast etter, har FG gjort val som tek vare på viktige eigenskapar for bustaden din. Det stillast inga offentlege krav til kven som skal verifisere at komfyrvakta faktisk oppfyller EN 50615. Dette betyr at kven som helst kan erklære at dei oppfyller krava. På lik linje med andre tryggingprodukt stillar FG krav til at ein uavhengig part går gjennom testdokumentasjonen, som sikrar at eininga har bestått dei påkravde testane.

FG-godkjente komfyrvakter finn du her:

[www.fgsikring.no/brann/fg-godkjente-komfyrvakter/](http://www.fgsikring.no/brann/fg-godkjente-komfyrvakter/)

Be om dokumentasjon på frå leverandøren din på at komfyrvakten er godkjend for bruk i Noreg. Det finst komfyrvaktar som varslar, men ikkje koblar ut. Desse produkta er ikkje godkjende.

## Kvar kan eg finne meir informasjon?

Gå til [www.sikkerhverdag.no](http://www.sikkerhverdag.no) for å lese meir om komfyrvakter.

Du kan også ta kontakt med din lokale el-installatør.